

Informasjon knytt til rovviltsituasjonen på Hardangervidda og Setesdal Ryfylke

Det siste året er det registrert aktivitet av jerv sør på Hardangervidda, og i Setesdal Ryfylke-heiane. Det er til nå stadfesta DNA frå 5 forskjellige individ i desse områda.

Meir informasjon om dette finn ein på Rovbase.no og i den vedlagte presentasjonen «Jerv sør i Langfjella»

Det kan forventast skade på husdyr på beite i desse områda i sommar og haust, og ein oppfordrar alle med beitedyr her til å fylgje ekstra godt med, og auke tilsynet gjennom sommaren og hausten.

Følg med på om det er noko uvanleg aktivitet på beitedyr med radiobjeller.

På Miljødirektoratet sine nettsider finn ein vegleining på korleis ein melder i frå om observasjonar av rovvilt eller spor:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/observasjon-av-rovvilt/>

Ein finn informasjon om korleis ein søker om erstatning for husdyr som er dokumentert drepne av rovvilt her:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/Rovvilt-og-beitedyr/erstatning-for-tapte-husdyr-og-tamrein/>

Ein finn også informasjon om dette i NSG sin vegleiar for erstatning ved rovdyrtaf:

<https://www.nsg.no/beitebruk/rovvilt/veileder-rovdyrerstatning/>

Slik går ein fram ved funn av husdyrkadaver

Finn du eit kadaver og mistenker at rovdyr har vært på ferde, bør du gjere fylgjande:

- La kadaver ligge mest mogleg urørt, men dekk det til slik at åtseletarar ikkje kjem til. Dekk til med greiner eller stein, IKKJE plastikk då kadaveret kan bli øydelagt om det er sol og varmt.
- Merk funnstad, gjerne med plastpose i eit tre e.l. slik at det er lett å finne.
- Beskriv funnstad og kryss av på kart om mogleg, aller best er GPS-posisjon.
- Fotografer kadaver om mogleg frå ulike vinklar, gjerne med ein gjenstand av kjent størrelse ved sidan av kadaver (særleg bra for å anslå f.eks. størrelse på bitt og avstand mellom tenner).

Eg er tilsett som rovviltkontakt i Hardanger området, og vil vara tilgjengeleg på telefonnummer **48270778** og e-postadresse: eirik.dorheim@fjellstyrene.no

Om eg ikkje er tilgjengeleg, finn de kontaktinfo til dei andre rovviltkontaktane i Vestland og Rogaland her:

<https://www.miljodirektoratet.no/om-oss/miljodirektoratets-organisasjon/statens-naturopsyn/kontakt-statens-naturopsyn/>

Ikkje nøl med å ta kontakt om de har mistanke om rovdyrskade eller anna aktivitet frå rovdyr.